



Frank Fammestad
Storneset 4
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1784 - 20/62307

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
05.10.2020

Avslag på søknad om ferdigattest - gbnr 195/215 Leiknes

Administrativt vedtak. **Saknr:** 1045/20
Tiltakshavar: Frank Fammestad
Ansvarleg sækjar: Kålås Bygg AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak [med ansvarsrett]

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det ikkje gjeve ferdigattest for tiltak på gbnr 195/215. Søknaden vert avslått.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Før innsending av ny søknad om ferdigattest må det sendast inn nødvendig sluttdokumentasjon og erklæring om ferdigstilling frå ansvarleg sækjar.

SAKSUTGREIING

Tiltakshavar sækjer om ferdigattest for terrasse og mur på gbnr 195/215.

Det er opplyst i søknaden at garasjen som søknaden også omfatta, ikkje er etablert, men at terrasse og mur er etablert i samsvar med søknad. Muren er sett opp av Ragnvald Valle, medan terrassen har tiltakshavar etablert sjølv med hjelp frå tømrrar. Det ligg ikkje føre gjennomføringsplan eller innmålingsdata.

Historikk:

Det vart gitt rammeløyve for oppføring av mur, garasje og altan/carprt i vedtak datert 28.08.2014 og igangsetjingsløyve for heile tiltaket i vedtak datert 04.12.2014.

Kommunen etterspurde ferdigattest i brev datert 04.12.2019. Ansvarleg sækjar Kålås Bygg AS opplyste i brev datert 05.12.2019 at tiltaket ikkje er realisert, medan tiltakshavar Frank

Fammestad opplyste i brev datert 04.12.2019 at garasjen ikkje er bygd, men at carport og mur er oppført i samsvar med løyvet. Tiltakshavar søkte om ferdigattest. Søknaden vart avslått i vedtak datert 26.03.2020 då søknaden ikkje var tilstrekkeleg dokumentert.

VURDERING

Søknadsplichtige tiltak skal avsluttast med ferdigattest som vert skriven ut av kommunen når det ligg føre nødvendig sluttokumentasjon og erklæring om ferdigstilling frå tiltakshavar eller ansvarleg søkjar. Sluttokumentasjonen skal visa at tiltaket er utført i samsvar med løyvet og reglar i eller i medhald av lov.

Tiltaket i denne saka krev bruk av ansvarlege føretak slik det går fram av godkjend rammeløyve og igangsetjingsløyve. Vedlagte gjennomføringsplan viser kva føretak som har fått godkjend ansvarsrett for tiltaket.

Ansvarleg søkjar må senda inn søknad om ferdigattest med nødvendig dokumentasjon før kommunen kan ta søknaden til behandling. Oppdatert gjennomføringsplan og innmålingsdata skal liggja føre.

Kommunen legg til grunn at tiltaket er utført som godkjend, men at garasje ikkje er etablert. Dersom tiltaket er utført av andre føretak enn dei som er godkjend, må det søkjast om endring av ansvar og leggast ved oppdatert gjennomføringsplan. Altan/carport kan du sjølv søkja om ansvar for sjølv, medan muren krev at du bruker eit ansvarleg føretak. Innmålingsdata må sendast inn.

Søknaden om ferdigattest som er send inn, er ikkje tilstrekkeleg dokumentert og kommunen kan ikkje gje ferdigattest.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/1784

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Teikningar godkjend tiltak - gbnr 195-215
Situasjonsplan godkjend tiltak gbnr 195-215
Gjennomføringsplan gbnr 195-215

Kopi til:

Frank Fammestad	Storneset 4	5915	HJELMÅS
Kålås Bygg AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG
Kålås Bygg AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Frank Fammestad	Storneset 4	5915	HJELMÅS
-----------------	-------------	------	---------